

MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLERS KOMMENTARER TIL MERKNADER OG UTTALELSER -
VARSLING

Plannavn	Stølsmarka
Arealplan-ID	1263-201607
Saksnummer	16/2472
Utarbeidet av	Ard arealplan as
Datert/Revidert	16.02.17

	Avsendar	Hovudpunkt i merknad	Kommentar frå forslagsstillar
1	Arthur Træen, på vegne av bebuarar i Lyngmarka 1, 2, 3, 5, og 7, i brev av 11.11.2016	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bebuarane bur på syd- og vestsida av grøntområdet på gbnr. 137/344, og ynskjer at vestre del av dette området vert sett av til naturområde. Her er det ein vegskråning, vest og sydvest for naturområdet som er viktig for bebuarar og forbipasserande. Her er det ei rekke fellesfunksjonar for området, og avsendarar ynskjer at vegskråninga vert beholdt slik den er i dag til framtidige funksjonar. Vidare må ein avklare skogområdets eigarskap og bruk, samt avklare kven som skal vedlikehalde og drifte området. 2. Avsendarar stiller spørsmål ved auka størrelse og aktivitet i samband med skulen. Meiner at skulens storleik tilseier at den ikkje bør ligge i eit bustadområde som Alvermarka og som har så vanskeleg tilkomst frå fylkesvegen. Meiner at skulen burde flyttast til eit større og meir eigna område, slik at heilheita av aktivitetar, tilgang til skulen, trafikk og trygg skuleveg vert sikra. 3. Avsendarar meiner at krysset mellom vegen frå Alvermarka og fv. 565 samt oppkøyringa frå Alvermarka ikkje er trafikksikkert. Avsendar foreslår at det vert laga påkøyringsfelt frå undergangen og sydover og at nordgåande trafikk til Alvermarka køyrer ned bak busstoppet og gjennom undergangen. Ved undergangen må det lagast gangfelt for gåande som må krysse over for å komme inn på gangstien nordover til skulen eller opp til hotellet. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til følge. Sørleg og vestleg del av grøntområdet vert regulert til friområde. 2. Ikkje tatt til følge. Utvidinga av skulen er berre på ei auke på 46 elevar, noko som skulen allereie har fått godkjenning for. Det leggjast opp til færre parkeringsplassar enn det er i dag som vil føre til mindre trafikk, samt at tilkomst til planområdet frå fylkesvegen er opparbeida med fortau/gangvei slik at trafikktryggleiken for mjuke trafikantar vert ivareteke. Kryss ut i fylkesvegen er nyleg også utbetra gjennom rekkefølgekrav i reguleringsplanen for Mangerbua II, planid: 200817. 3. Ikkje tatt til følge. Viser til svar i punktet over og vurderar krysset som tilstrekkeleg trafikksikkert.
2	Eli og Ivar Uglenes, Stølsmarka 33 Arthur Skar, Alvermarka 40 Else Karin Lunde Skorpen og Olav Magnar Skorpen, Alvermarka 42	<ol style="list-style-type: none"> 1. Avsendarar påpeikar at området i kommunedelplanen for Knarvik-Alversund er sett av til <i>bygning med særskilt allmennyttig formål</i> og stiller spørsmål ved at ein friskule som har prioritert opptak (born av foreldre knytt til meinigheita er prioritert fyrst) går inn under allmennyttig formål. 2. Avsendarar stiller spørsmål ved korleis ein kan regulere ein tomt med bygningsmasse og utnyttingsgrad, når ein samstundes er avhengig av ein kommunal tomt for å dekke kravet for uteareal per elev. Kva skjer dersom kommunen i framtida har bruk for arealet til eige bruk? Ber om 	<ol style="list-style-type: none"> 1. I praksis kjem alle som søker inn. Sidan oppstart for 15 år sidan har ein ikkje opplevd at nokon som søker ikkje har kome inn på skulen på bakgrunn av prioritert opptak. Det er like reglar for alle religiøse friskular. 2. Skulen har til hensikt å investere i grøntområdet for allment bruk av området. Skulen har allereie godkjenning frå HMS Lindås kommune for 150 elevar i dag for dagens utebruk. Skulen har òg godkjenning for inntil 196 elevar ved delt friminutt.

	<p>Tone J. Røssang Kleivdal og Lars Tore Kleivdal, Stølsmarka 31, May-Lin og Steinar Aakvaag, Buhaugen, i brev av 12.11.2016</p>	<p>ei redegjersle av dette. Ber også om redegjersle for kommunens interesser i skulen, med omsyn til eventuelle styreverv og liknande.</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Avsendarar meiner at omfanget av skulen er allereie for stor for naboane. Det er mykje støy frå skulen og det er stadig aukande trafikk i området. Bygget er mykje i bruk også utanom skuletida, både om kvelden og i helgene. I tillegg er bygget blitt ein samlingsplass for born og unge utan at det er i regi av skulen eller meinigheita. De er då til tider mykje burning, rus og/eller hærverk. Summen av dette gjer at grensa for kva som er haldbart for naboane allereie er nådd. 4. Avsendarar meiner at planar om parkeringsanlegg med gymsal på toppen og tilrettelegging for nær 200 elevar vil gjere skulen/bibelsenteret svært dominerande i Alvermarka og lite tilpassa til etablert busetnad i området. 5. Avsendarar ser ikkje at det er noko argument for å gjere grøntområdet om til skuleplass til nær 200 elevar. Mange fleire husstandar vil verte berørt av dette. 6. Avsendarar meiner at det må takast omsyn til naboar i planarbeidet og meiner at det er naudsynt med støyskjerming av ulik grad. 	<p>Det vil seie at føremålet er å leggje til rette for betre uteområde, i staden for delte friminutt. Altså er ein ikkje avhengig av grøntområdet for å auke til 196 elevar.</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Barnehagen lager truleg meir støy enn skulen gjer i dag og vil gjere. Barnehagen har mykje uteaktivitet (nesten heile dagen), medan skulen sine friminutt utgjer til saman 50 min i løpet av ein dag. 4. Nye bygg vert plassert nordaust på tomta, opp mot vegfylling/mur, og til minst sjenanse for kringliggjande bustader. Det nye bygget vil difor vere lite dominerande. Området er allereie regulert til butikk/forretning, og det er opphavelig inga avgrensing på storleiken til bygg på tomta. Ein skule vil gje vesentleg mindre trafikk enn ein butikk, og det vil vere svært avgrensa trafikk utanom skuletid (8-14). Den nye planen legg difor opp til mindre trafikk enn gjeldande plan. 5. Naboar vil verte råka, men samstundes vil ei opprusting av grøntområdet kome alle i området til gode. 6. Ytterlegare støyskjerming er ikkje aktuelt som tiltak for støyreduksjon frå skulen i reguleringsplanssamanheng. Dette kan vurderast særskild ved bygging. Det er allereie etablert støygjerde mot nokre av naboane i sør.
3	<p>Fylkesmannen i Hordaland, i brev av 11.11.2016</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkesmannen stiller seg positiv til at det vert sett i gang detaljregulering av skuleområdet og finn det tenleg at grøntområdet vert opparbeidd som eit uteområde med blanding av leikeareal og urørt natur. Fylkesmannen viser til rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging, og rår til at føresegnene stiller tydelege krav om utforming og opparbeiding av grøntområdet. 2. Fylkesmannen viser til krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. For dette planarbeidet vil trafikktryggleik for born i skulen og barnehagen vere eit viktig tema. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til følgje. 2. Tatt til følgje.
4	<p>Hordaland fylkeskommune, i brev av 08.11.2016</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. HFK skriv at kommunen må ta stilling til om planarbeidet fell inn under Forskrift om konsekvensutgreiing. HFK ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til følgje. 2. Tatt til følgje.

		<p>2. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert lagt særleg vekt på arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, folkehelse, samferdsel, klima og energi, landskap, naturmangfald og universell utforming.</p>	
5	Statens vegvesen, i brev av 11.11.2016	<p>1. SVV meiner at plangrensa bør utvidast slik at den kommunale vegen fram til krysset og sjølve krysområdet mellom kommunal veg og fv. 565 vert omfatta av reguleringsplanen.</p> <p>2. SVV skriv at det må gjerast ei trafikal vurdering av trafikkauken planen legg opp til. Det må vurderast konsekvensar for trafikktryggleiken og trong for avbøtande tiltak. Vurderinga må ta med konsekvensar og tiltak i kryss med fylkesvegen. Vidare har det kome melding om utrygghet for gåande langs den kommunale vegen Alvermarka. SVV ber om at tilhøva for dei mjuke trafikkantane langs Alvermarka vert vurdert, spesielt strekninga mellom skulen og busshaldeplassane. Tiltak for mjuke trafikantar bør sikrast med rekkefølgekrev.</p> <p>3. SVV påpeikar at området er svært utsett for vegtrafikkstøy. SVV ber om at kommuneplanens krav til støydokumentasjon og -tiltak vert oppfylt. SVV gjer særleg merksam på krav knytt til uteoppfallsareal og fasade (stille side).</p> <p>4. SVV gjer merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan settast i gang, skal byggeplan vere godkjend av SVV og at det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom SVV og tiltakshavar.</p>	<p>1. Mangerbua II har allereie bygt om og forbetra krysset. Planforslaget vil generere betydeleg mindre trafikk enn gjeldande reguleringsplan for området, som opnar for forretning. Ein forretning vil generere mykje trafikk heile dagen, medan ein skule vil ha avgrensa trafikk i skuletida (kl.8-14).</p> <p>2. Tatt til følge, ei slik vurdering er gjort under pkt. 8.7.6 i planskildringa.</p> <p>3. Det har vore drive skule på området i fleire år, samt at skulen også har fått godkjenning for å utvide elevtalet. Kan difor ikkje sjå at det no vil vere behov for støydokumentasjon. Det nye bygget det vert lagt til rette for nord i planområdet vil vidare vere positivt ift. støyreduksjon. Uteområde til skulen ligg heilt sør i planområdet og heilt i utkanten av gul støysone.</p> <p>4. Ikkje aktuelt då krysset ut i fylkesvegen allereie er opparbeida.</p>
6	Noregs vassdrags- og energidirektorat, e-post av 14.11.2016	<p>1. NVE har ingen innspel til planarbeidet.</p>	<p>1. Tatt til følge.</p>